

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Folkelege musikinstr. Fylke: Møre og Romsdal
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Østfj. og Vistdal
 Emne: Folkelege musikinstrument. Bygdelaag: Vistdal
 Oppskr. av: Endre E. Stranden Gard: Stranden
 (adresse): Middel - Molde - G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- SVAR
- Bolk A. Fele.
1. Fele hev voret kjend og bruka i lang tid. Kjenner ikkje til seregne namn på delene. Der finnes vist enkelte gamle felar her og der. Namn: fele baje - felstokk - felstremgjer.
 2. Fele hev voret bruka her lang tid - serleg til dans. No brukes helst akordium, dett kom i bruk etter 1920. Fele brukes no helst saman med gittar og cithar på religiøse fester.
 3. Frå førstn av import - her hev voret i bruk både tyske og italienske felar. Ein kjend felespelar her i bygdelene var Peder Hansen Algenas - død omkr. 1892. Eg kjenner berre ein som hev arbeid fele - det er Peder E. Nerland - fødd 1908 - lever ennå.
 4. Som vanlige felar som gjeng i handel.
 5. Tröske av selje og resten av björk.
 6. Kan ikkje svaris på.
 7. Strængene vart kjøpte - den første tid var tarmstrængjer i bruk - seinare metalstränge.
 8. Hev hatt same form alltid.
 9. Man sette bakenden opunder hoka og drog bogen med høyre handi. Fele vart

bruka i danselag og i brudlaup - felespe-
larer gjekk føre når dei var inn brua
grauten.

10. Fela hev alltid havt same skapnad.

11. Kei.

12. Då flla vart bruka for berre til dans
og drykkarlag fekk folk som vart omvende
til Gud slik motbydeligheit mot fela at
dei tolde ikkje sjå hende.

13. Aldre flinke felespelarar:

Peder Hansen Elgends - død 1892 -

Aslak Aslaksen Skorgen - død 1935 -

Kolevande:

Peder E. Nerland - Vistdal

Berdon E. Skranden - " - .

II - XVII, Av dei her nemde instrument hev
der vort lite av. Bukkehorn var i bruk
der til man gjette krøtera, då gjeta-
rane bles i dei for tidsfordriv. På sekka-
me bruka dei nok lür - langelür - men
det eg kan minnast - etter 1880 -

Salmodikon kunne der finnast - s. f. e.
hos Johan Nerland - Vistdal i 1890 åri.

Bolk B. Byinstrument.

Svar 1. Slike instrument kom ikkje i bruk for i 1880 åri og seinare.

Først var det eit og anna hūsorgel seinare byrja ein og annan å spela på gittar og so vart det eitt.

Mandolin er nesten ikkje brukt.

Positiv fannst berre eit i 1880 åri. Sei- nare hev ikkje nokken bruka positiv.

Trækspill hev vort bruka i langre tid - no berre ein trækspillar i bygdi.

Vistdal kyrkje fekk orgel 1898, av Torkildsens fabrikk.

Svar 2. Frå fyrstinga var det berre lærarar som hadde orgel. No er det også andre av dei som hev råd å kjøpa seg orgel og er musikalske.

Gittar spilles helst av gjentor og eitt spilles helst av mannfolk.


Svar 3. Orgla vart berre bruka til kor- ralmusek. Her er berre ein - Aslak Lien- som hev spela slåttar på orgel - dog ikkje til dans eller sovre.

Gittar og eitt spilles berre til sangar. Mandolin vert bruka av frelsesarmen når dei heldt møter i bygdi.

4
Bolk C. Ymse primitive instrument.

Svar 1. Kråkeharle. Den vart bruka helst om traustane å jaga kraka frå kornåkrane. Kraka er redd denne harlinga. Dei som ikkje hadde harle - tok ein lang pisk og slo på ein bordvegg med, dette er og kraka redd.

Svar 2. Kråkeharla består av ein rull med handtak og i rullen noko riflor på langs soleis:



a og b er fjole med hol i for rullen. Imil- lom desse fjolene gjing tvo par spilar og imillom spilene er ei bynd fjol som gjing inn i riflingane på rullen. Når man tek med begge hender om han- taket og let harla swinga rundt - vert det ein skraldrande lyd. Hestar er og redd harla.

Svar 3-4. Som nemnd i svar 1 og 2.

Blåse i nevar - og leggja strå millom tommelfingrane er vgså kjind og vart bruka för. Hensikta med desse lydar var å skræma udyr - eller för å varse an- dre - uten å bruka mannamat - so ikkje nokkon kunne kjenne stemmen.

Bolk D. Mellomalderle musikinstrument.

Svar: Av sovarne instrument hev eg ikkje høyd gjete i mi tid - og her finnes sikkerlig ikkje levningar av slike ting. Forvesten er det slik at dei fleste stader i Romsdal var snar å leggja av gamal klebuñad - gamle skikkar og sit gamle mål, da det ligg soleis bil at det er som ein ferdaveg mellom øst- og vestland - og naboane nord og sør- nordmøringar og søndmøringar trængja inn over gransone - derfor vert snart den romsdalske befolkning å kjenne att.

NORSK ETNOLOGISK GRAUSKING
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM
 BYGDØY

ym. 657

Endre E. Sranden
Mittet i Romsdal

^{emne nr}
Tillegsspørsmål 6.

Blåse i nevar:

1. Det brukes når man vil finne kamerater
når man gjeng i mørke om kveldene el.
der nettere, uten å bruke mannemål
so man blir kjend av andre.

Man legg då hendene samman med
tommelfingrene langs hverandre og de
andre fingrane på hendene danar ei
helsing. Man legg so munnun ned
til tommelfingrane og blåser sterkt
igjennom den smale ke sprikke mellom
tommelfingrane. Der kjem då fram
ein skarp dæmpt lyd, der høyrer i
100 m eller so. Lyden er på ein måte
behagleg å høyra.

2. Man lagar ei tinnv remse av bjørke-
bever (never) legger den stramt
mellom tommelfingrane og blåsar
på same måte. Då framkomar ein
skarp sjeranda lyd som er ubeha-
geleg å høyra.

1783